

Arkivsaksnr: 2015/1503-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 10.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	8/2014	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om løyve til oppkøring av skiløyper ved Korsmyra i Stranda Kommune

Søkar

Geiranger Idrettslag v/ Anne Giskemo

Dokument i saka

1. Søknad datert 4. mar. 2015.
2. Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Delområde Geirangerfjorden
3. Naturmangfaldlova

Saksframlegg

Søknaden

Geiranger Idrettslag søker om fornying av løyve til å køyre tråkkemaskin og snøscooter vinterstid i området Korsmyra-Gråsteinsdalen-Hesjedalen og Korsmyra-Haugseth i Stranda kommune.

Naturmangfaldloven og verneforskrift

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandsskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformar.

Etter § 3 punkt 5.1 er motorferdsel forbode på land og i vatn. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppkøring av skiløyper og skibakkar, jf. § 3 punkt 5.3 bokstav g). Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal takast med i vurderinga.

Vurdering

Skiløypene i områda ved Gråsteindalen, Korsmyra, og Haugset har eksistert i lang tid og det er mange som nyttar skiløypene til rekreasjon gjennom vinteren. Frå brukarane sin side er det ønskjeleg at dette heldar fram. Søknadar knytt til tiltak som legg høva til rette for allmenta kan bli gitt for fleire år (Forvaltningsplanen s. 41). Førre løyve ble gjeve 8. des. 2010 etter § 3 punkt 5.3 bokstav g) og løyva ble satt til å gjelde til t.o.m. 30. jun. 2015.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12

§ 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

Når det gjeld køyring med snøskuter/trakkemaskin er støy den største belastninga i høve til miljøet, sidan det ikkje vil bli vesentlege terrengskader vinterstid. Sidan dette er ein aktivitet som har pågått i lengre tid og vi ikkje har ny kunnskap om at støy i området er meir negativt no enn før blir dette prinsippet lite vektlagt.

§ 9 «Føre-var-prinsippet»

Dette prinsippet er lite relevant då tiltaket har pågått over fleire år.

§ 10 «Økosystemstilmærming og samla belastning»

Dette blir lite vektlagt sidan dei omsøkte strekningane er nemnd spesielt i forvaltningsplanen. For eventuelle nye strekningar ville dette prinsippet vegd tyngre.

§ 11 «Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar»

Oppstår skade på naturmangfaldet skal skaden dekkast av tiltakshavar.

§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar»

Vi vurderer bruk av snøskuter og trakkemaskin som mest eigna metode til oppkøyring av skiløyper.

Forslag til vedtak

Verneområdestyret gir med dette Geiranger Idrettslag ny løyve til oppkøyring av skiløype på strekninga Korsmyra-Gråsteinsdalen-Hesjedalen og Korsmyra-Haugseth i Stranda kommune. Løyva er gitt i medhald til Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 bokstav g) og føringar i forvaltningsplanen. Tiltaket er forankra i forvaltningsplanen og løyvet kan fornyast.

Søknaden er vurdert i høve til Naturmangfaldlova §§ 8 -12.

Vilkår

- 1) Løypa kan køyrast opp med trakkemaskin eller snøskuter med inntil 2,5 meters trakkebreidde. Løypa kan vere inntil 4 meter brei der terrenget tillet dette utan spesielle inngrep.
- 2) Løyvet gjeld t.o.m. 30.06.2020. Det kan reknast med at det vert forlenga dersom det ikkje oppstår spesielle ulemper for verneverdiane.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 «Vedtak som kan påklagast, klageinstans» i Forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.